

# LÅVENDE SAKER 2017

STEIN TORLEIF BJELLA, FRIDA ÅNNEVIK,  
TO RUSTNE HERRER, BJØRN EIDSVÅG,  
STIAN CARSTENSEN OG GAMMALGRASS



To Rustne Herrer – Hvis helsa holder // Baksia, Nettleia og Egil Kjørstad  
Aslak O. Brimi // Jo Asgeir Lie // Sven Nyhus // Magnar Arn Blix Rudi  
Mads Erik Odde // Ida Rønshaugen / Randi Marie Steig / Kari Hanne  
Rudrud // Stian Carstensen & GammalGrass // Bjørn Kåre Odde  
Geirr Lystrup // Bjørn Eidsvåg med band // Jon Faulstad  
Nye Ringnesin // Lom Spelemannslag // Ole Nilssen  
Gudbrandsdalsspelemenn // Stein Torleif Bjella  
Sheep o Høy m/ Belfast Lads // Leif Rygg  
Supersonic // Frida Ånnevik  
Julemarked

[www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

RUDI  
GARD

## Gleda ved å vera vertskap

Rudi Gard ønskjer å bidra til at bygda og dalen blir meir interessant både for oss som bur her, for hyttefolk og tilreisande gjester. Ein litt meir meiningsfull stad å bu. Ein møteplass mellom dalen og verda omkring. Med opplevingar for både glede og ettertanke.

Ein gamal nabo sa noko fint på vårt aller første opne arrangement for 18 år sidan: «Tenk – å få oppleva noko slik». Dette strekkjer vi oss etter kvar gong gjester kjem til gards. Vi vil formidle noko som er relevant. Artistar som begestrar. Det beste i eit moderne og tradisjonsrikt dalføre. Gode kjøttkaker frå Skjåk. Flotte lokale ungdommar som tek i mot deg. Kunst som får deg til å undrast.

Ved Norsk Opplevelseskonferanse i Svolvær hausten 2016 vart Rudi Gard plukka ut som ei av 15 pionerbedrifter i norsk opplevingsbransje. Det var uvirkeleg å stå ved sidan av gigantar som Hurtigruten, Dyreparken i Kristiansand og Peer Gynt ved Gålåvatnet. Men vi er stolte og glade over slik respons. Likeeins var det stort å bli heidra i Lillehammer og Gudbrandsdalen med Fakkelpriisen 2017 for service og vertskap. Det er ei glede å få virke i ein framoverlent region med utruleg mange gode medaktørar.

Vi håper du finn opplevingar etter din smak, og ønskjer hjerteleg velkome til gards i 2017!

Helsing Nina og Øystein Rudi – vertskap



*– Dette var utvilsomt toppen på turen vår.  
Og jeg skal love deg at flere av oss vil  
komme igjen, kanskje alle? Jeg sprer det  
«gode budskap» til alle jeg treffer!*

*Bioforsk, Tingvoll*



*Litt av det ungdommelege  
personalet på Rudi Gard*





Torsdag 11. mai

Kl 09.00–16.00

## Næringslivets dag

Skåppå Kunnskapspark ønsker velkommen til Næringslivets Dag på Rudi Gard.

La deg inspirere av gode eksempel frå bedrifter som har opplevd auka salg, samarbeid og effektivisering gjennom å satse på digital kommunikasjon:

*Andre Stenumgård (Fjøsssystemer), Bjørn Atle Brun (Kristian Gården & Sønner), Espen Stensvold Rønning (Tur.digital), Ivar Sylte (Fant AS), Kjetil Thorvik Brun (NHO Abelia), Lars-Petter Østlie (Norlandia Care Norge AS), Marit Lien (Peer Gynt AS), Nils Mork Ulnes (Byond), Siv Høye (Timbr AS), Tom Ivar Horvei og studentar frå Høgskolen i Innlandet.*

Velkome til ein av dalens viktigaste møteplasser for framoverlent arbeid med næringsutvikling!

**For meir informasjon og påmelding:**

**[www.skåppå.no](http://www.skåppå.no)**

I samarbeid med Ikomm og Oppland Fylkeskommune.



Andre Stenumgård og Fjøsssystemer sponser kombinert-landslaget!



**Meny** RAUS RUDI-LUNSJ



Onsdag 24. mai

Kl 20.30. Ope gard frå kl 19.00

## Masterkonsert

# Tett på Mads Erik Odde

Mads Erik Odde (f. 1991) frå Garmo i Lom er ein av dei fremste utøvarane i landet på sitt instrument. Mads Erik er kjent i konstellasjonar som blant anna Lendmenn, FIRO, Brødrene Odde og Odde/Nilssen, og er elles mykje brukt som dansespelemann og instruktør. Han har utdanning frå Landslina for folkemusikk ved Vinstra Vidaregåande Skule og Norges Musikkhøgskule, der han fullførte bachelor våren 2015. I tillegg til å arbeide som musiker og musikkpedagog, går Mads Erik nå mastergradstudiet i folkemusikkutøving ved Norges Musikkhøgskule. Denne kvelden på Rudi Gard skal Mads Erik spele den tredje av fire masterkonsertar. Temaet for konserten er nyare slåttar i tradisjonell stil, som Odde har arrangert for akkordeon. Eit variert program blir presentert, og vi får høyre slåttar komponert av blant andre Tom Willy Rustad, Aslak Brimi, Jo Asgeir Lie og Mads Erik sjølv.

Billett kr 190,- / gratis under 18 år.



**Meny** GARDSKAFÉ



## Eit godt måltid før forestilling

Dette er eit populært tilbod for privatpersonar, bedrifter og vennelag. Til alle rettar serverer vi kaffe og dessert av det beste årstida byr på.

### **Matbord frå Rudi-grillen**

- *Saftige grillstykker av svin og okse krydra med eigne marinader og urte-oljer, grilla laksefilet med kryddersmør, lammepølser frå Annis pølse-makeri, potetsalat med rømmedressing & sennepsdressing med urter frå Aukrust, tomatsalat med betaost frå Avdem gardsysteri og heimbåå brød frå eige kjøken*

kr 410,-

### **Trancherbiff på Rudi-vis**

- *Heilgrilla entrecote og saftige filetar krydra med eigne marinader og tranchert slik du ønskjer ved servering*
- *Med bakte poteter, soppstuing, laukkompott, grilla grønsaker og himmelsk saus*

kr 450,-

### **Kulturgris alá Rudi**

- *Sør-Fron har nokre av dei mest profesjonelle grisebønder som finst. Dei samarbeider vi med, og her får du den beste svinefileten som finst innrulla i spekeskinke. Med tomatisert bernaisessaus, ovnsbakte poteter og sesongens grønsaker*

kr 390,-

### **Grilla Dølafe**

- *Ur-gener og godt beite gjev kjøtt med fin struktur.*
- *Med saltbakt tomat og Tromsnespoteter, sommarens grønsaker og langtidskokt raudvinssaus*

kr 450,-

### **Peer på bukken**

- *Reinsdyrfilet servert med blåbærsaus, ovnsbakte mandelpoteter, sellerirotmos og grønsaker*

kr 490,-

### **Øl-brassierte lammeskank**

- *Lam frå eigen produksjon direkte frå fjellbeite, og langtidskokt i Rudi-øl. Serveres med stappe av mandelpotet, smaksrike ferske rotgrønsaker frå Gudbrandsdalen og Wenche sin lammesaus*

kr 450,-

### **Godt frå Rudigrillen**

- *Spesialtilpassa meny som kan innehalde grillpølser, spesialpølser frå Annis pølse-makeri, elburgere i pita og marinerte grillstykker og godt tilbehør. Blir seld rett frå grillen*

Tilbehør til dei ulike menyane kan variere med årstida og tilgang på det beste av råvarer.

**Reservasjon av bord:** oystein@rudigard.no / 913 85 388

# *Pilgrimsleia frå Vinstra til gards – ein fin start på Rudi-kvelden*

**Pilegrimsleia frå Vinstra til Rudi er ei oppleving. Ein fantastisk tur til fots med stålande utsikt over Gudbrandsdalen. Turen er på 10 kilometer, og tek eit par timar. Køyr til Rudi, parker bilen og ta ei drosje (612 96 700) til utgangspunktet rett ovanfor Peer Gynt-garden i Sødorp.**

**Stien er godt merka, og vi skaffer gjerne ein kjentmann som viser veg og fortel om utsikta. Midtvegs i turen passer de fri gamle bruka i Skar, ein fin rasteplass for kald drikke og gode historier! Når de kjem attende til Rudi ligg alt til rette for ein heilaften i det gudbrandsdalske kulturlandskapet. Rudi Gard har bordreservering for middag, før ein forrykande konsert i Rudilåven og trivleg samvær i låvepøbben etterpå.**



Søndag 28. mai

Kl 20.30. Ope gard frå kl 19.00


**Kari Hanne Rudrud, Randi Marie Steig  
og Ida Rønshaugen**

## *Damer på opptur!*

Møt unge og dyktige damer på opptur. Dei kjem alle frå dalens aktive musikkmiljø, og med talent og viljestyrke tek dei ekstra steg framover.

Denne kvelden byr dei på kvar si avdeling, og avslutter i samklang – rett og slett av det beste dalen har å by på!

Billett kr 250,- / 100,- under 18 år.



**Kari Hanne Rudrud** er frå Fåvang og har klassisk sangbakgrunn frå Vinstra Videregående skule, solistkurs ved Complete Vocal Institute og sang-undervisning hos Solveig Kringlebotn. Kari Hanne har også stor glede av andre musikksjangrar, og er mykje brukt som solist i musikklivet i Gudbrandsdalen



**Randi Marie Steig** Randi Marie er vokalist og låtskrivar, og er kjent for ei kraftfull og karismatisk stemme. Ho har medvirka i ei rekkje prosjekt frå Blues Brothers band til gospel. Sommaren 2017 gir ho ut sitt første soloalbum. Randi Marie bergtek publikum med ærlege og sårbare tekster og musikalske farger frå country, rock og blues.



**Ida Rønshaugen** Sør-Fronsjenta Ida skaper nye og spennande lydlandskap på sitt rykande ferske andre album «Storm». Ho er åleine på scena med sin loop station, og glitrande saxofonar blander seg med kalimba, perkusjon og vokal i nye og spennande lydlandskap.

Foto: Hilde Jordbruenn



**Meny** GARDSKAFÉ





Laurdag 3. juni

Frå kl 18.00

## Våronnfest med kål, øl og Rock n'Roll!

Våronna er ei travel tid, og i kveld inviterer vi alle til å feire velgjort arbeid! Vi gjer dette i samarbeid med Bondelag, Småbrukarlag, Skogeigarlag og Næringsforening i Midtdalen. Det blir eit yrande liv i tun og låver på Rudi denne kvelden. God mat og drikke, håndverk, underholdning frå «Stand-up stubben», småforedrag, hestekjøring og meir til. Kål er skikkeleg våronnkost, og kokka på Rudi er klar med dalens største kålgryte.

«Ingen kan bli erklært umyndig dersom han er vettug, hestefør og ølfør». Det seier Gulatingslova, og dette gjeld også i 2017! Håndverksbrygging av øl er i vinden, og du kan smake, samanlikne og diskutere med øl-interesserte og bryggmestere frå fleire av dalens lokalbryggeri.



Utpå kvelden går lokale rockere i bandet **Supersonic** på scena. Det blir alltid stor stemning når dei fyrer av kjente låtar frå rockehistoria!

Billett kr 290,- 18 års aldersgrense.



Meny KÅL



Fredag 9. juni

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

## Humorkonsert

# Stian Carstensen & GammalGrass

Gammalgrass presenterer ein cocktail av bluegrass ispedd gammaldans, med ein twist av bisarr humor utført med tilhøyrande medfødt tempotourettes!

Trioen er sett saman av to enkle gitar frå landsbygda; **Stian Carstensen** og **Ola Kvernberg** og ein komplisert bygut; **Ole Morten Vågan**.

Dei har spelt opptil fleire gonger på fargefjernsyn og i riksdekkande radio, men trivst aller best når dei spelar for folk som hører på frå kort avstand. Bandet har alt vorte eit kultband i inn og utland, og er aller mest kjent for å spela til allsang på nachspiel etter konsertane!

Ikkje gå glipp av denne utadvendte kraftpakka med fele, trekkspell, banjo, bass og steel gitar og tilløp til sang. Du vil ikkje angre!

[www.stiancarstensen.no](http://www.stiancarstensen.no)

Billett kr 350,- / 100,- under 18 år. Nummererte plasser.



**Meny** KULTURGRIS ALÁ RUDI



Laurdag 10. juni

Frå kl 14.00

## Gudbrandsdalskappleik

Gudbrandsdalens dyktige spelemenn og dansarar samlast på Rudi Gard. Heile ettermiddagen blir det vennskapleg kappestrid i spel og dans som høyrer dalen til. Og Rudikjøkenet byr på smårettar og middag.

Billett kr 190,- inkl Brimikonsert / gratis under 18 år.



Laurdag 10. juni

Kl 20.30

## 100-årskonsert for Hans W. Brimi

Hans W. Brimi ville fylt 100 år i 2017. Denne kvelden vil spelmenn frå Gudbrandsdalen saman med tilreisande spelemenn hylle minnet etter ein av våre aller største spelemenn gjennom tidene.

Blant dei spelar og fortel til ære for Hans W er: Jon Faukstad, Ole Petter Hansen, Amund Bjørgen, Geirr Lystrup, Mari Eggen, Sven Nyhus, Jo Asgeir Lie, Landslinja i folkemusikk på Vinstra, Bjørn Kåre Odde, Lom Spelemannslag, Nye Ringnesin, Aslak Brimi, Rolv Brimi, Leif Rygg, mfl.



Programleiar: Ivar Odnnes. Og etter konserten blir det dans og folkeliv. Bill kr 250,- / gratis under 18 år.



**Meny** GODT FRÅ RUDI-GRILLEN



Kvar dag frå torsdag 3. august til søndag 13. august

Kl 12.00–16.00

Ope gard


## Utstilling, gardskafe og vandringer i landskapet

Velkome til gards på dagtid! For ein kaffe i låvepøbben, for å sjå bilder eller for å sitja på tunet og gjera absolutt ingen ting!

Utstillar i år er **Magnar Arn Blix Rudi**. Han er kunstmålar med utdanning i klassisk måleri frå Kunstakademiet i Wien. Rudi er også tidlegare elev av Odd Nerdrum, og han arbeider mykje med portrett. I andre arbeid hentar han gjerne motiv frå mytologi, natur og fantasi. Magnar er frå Sør-Fron, og etter å ha bodd andre stader i mange år har han nyleg flytta attende med familie og etablert seg med atelier på heimstaden Lidarheim.

Du kan også oppleva fleire kunstnarar med rotfeste i dalen: Per Rosenberg, Ståle Blesterdalen, Vegard Stalsberg, Rolf Bergdølmo, Berit Sundsli og Jorunn Krag Dahle.

Gratis inngang.





Torsdag 3. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

## To Rustne Herrer - Hvis helsa holder

**Ole Paus** og **Jonas Fjeld** feirer 20-årsjubileum som To Rustne Herrer. Mykje har skjedd sidan 1996. I 2017 er verda høgteknologisk, men To Rustne Herrer let seg ikkje skremme av alt det nye. Det viktigaste er at ein sjølv, og ikkje telefonen har fullt batteri. At helsa held!

Kvar for seg har dei sunge seg inn i den norske folkesjela. Og dei har baa fått stadfesta posisjonen sin som låtskrivere i «Hver gang vi møtes» på TV2.

Ole Paus har medvirka på heile 42 plateutgjevingar, og han vart i 2015 innlemma i Rockheims Hall Of Fame. Jonas Fjeld har siden 1972 lagt bak seg ein omfattande produksjon både som plateartist og som turnerande spellemann.

Velkome til ein strålende kveld med To Rustne Herrer som ønskjer å røre, få deg til å le, gråte og klaske hendene saman i rein begeistring - hvis helsa holder.

Billett kr 490,-. Nummererte plasser.



**Meny** MATBORD FRÅ RUDI-GRILLEN



Fredag 4. august

Kl 20.00

# Rudi-gilde

*- festkveld med mat og kultur*

Gudbrandsdalen byr på fantastiske råvarer både av mat og kulturarv. Når velsmakande råvarer blir tilberedt av kjøkensjef **Wenche Kvebu** er det mange som gler seg! Den finaste auren frå Gålåvatnet, kjøtt frå friske dyr som har beita i kulturlandskap og Gudbrandsdalske fjell, seint-voksande og smakrike grønsaker og ein dessert du vil minnes med glede!

I løpet av måltidet blir det underholdning, og det kulturelle gjestebudet blir sett saman av spelevennene **Vegard Moshagen** og **Øystein Rudi**. Vi inviterer med oss favoritt-artistar til gards – herregud som vi ser fram til dette!

Velkomen til ein god kveld med Gudbrandsdalske smaker for mange sansar.

Mat, drikke og underholdning kr 690,- / pers.



**Meny** TRE RETTERS DØLAMENY



Laurdag 5. august

Frå kl 21.00. Ope gard frå kl 19.00

## Dølarock

# Baksia og venner

kvart år sidan 2001 har dei stått på scena på Rudi Gard i august. Og kvart år er det stuvande fullt tun med feststemte gjester frå 18 til 70 år. Dølar er rockere!

**Egil Kjørstad** er ein skatta trubadur som ofte bidreg i festlege lag, og frå Gudbrandsdal Energi har han plukka med seg gode kollegaer i festbandet **Nettleia**.

Billett kr 350,-. Aldersgrense 18 år.



*– Gode fellesarenaer blir stadig viktigere – på Rudi er det gode felles opplevelser på rekke og rad!*

*Adm. direktør Bjarne Slaggard, Gudbrandsdal Energi*



**Meny** KULTURGRIS ALÁ RUDI



Måndag 7. august

Kl 17.00

## Peer Gynt-middag

Det er Peer Gynt-tid, og denne kvelden er det konsert i Sør-Fron Kyrkje. Kva med å utvide kvelden med ei god matoppleving i tillegg?

Menyen er inspirert av bukkerittet, og ingrediensane er henta frå Peer Gynt sitt rike; Reinsdyrfilet med blåbærsaus, ovnsbakte mandelpoteter frå Tromsnes i Fåvang, godt tilbehør, og dessert med jordbær frå Kaurstad-bonden i Ringebu! Og middagen blir servert i omgivelser der til og med Peer sjølv kunne finne på å dukke opp.

Peer Gynt middag kr 590,-.



**Meny** «PEER PÅ BUKKEN»





Tysdag 8. august

Kl 11.00–15.00

## *Bli med til fjells på beitetilsyn!*

Rudi samarbeider med fleire gardar om å halde beitedyr i fjellet, mellom Gålå og Espedalen. Dette er blant landets aller beste beiteområde, og meir enn 5000 sau og 100 storfe gjer seg feite her gjennom sommaren. Dyra vedlikeheld fjellet, og produserer kvalitetslam mellom anna til prisvinnande Annis Pølsemakeri i Ringebu. Vi ser etter dyra fleire gonger i veka, og denne dagen kan du få bli med. Turen går i roleg tempo i fint høgfjellsterreng, og du får høyre om beitebruk og landbruk både før og nå. Ta med niste og gjerne ein god kikkert!

Vi møtes ved Gålå Handel kl 11.00 og køyrer samla til utgangspunktet for turen. Ingen billett – rett og slett gratis.

## *Ting deg eit Rudi-lam til hausten*



I starten av september sankar vi årets lam frå fjellbeite, og du kan nå kjøpe lam av beste kvalitet direkte. Lam blir delt opp, vakumert og gjort klart for tilbereding på ditt kjøken. For å sikre topp kvalitet pakker vi godt mørna kjøtt i matkasser og sett dei på frys. Kvar kasse inneheld eit halvt lam, 10 kg prima lammekjøtt.

Bestilling: [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



**Meny** TA MED EIGEN NISTEPAKKE



Onsdag 9. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

Stamartist på Rudi Gard

## Bjørn Eidsvåg med band

Vi er stolte og glade for at Bjørn Eidsvåg også i år legg inn Rudi Gard som stoppestad på sin sommarturne. Eidsvåg er opphavsmann for utruleg mange låtar og tekster som for alltid er lagra i den norske folkesjela. Og som ein av våre mest folkekjære artistar har han også alltid noko nytt å koma med. Gled deg over flotte tekster og eit suverent band som fyller Rudilåven med godlyd og sommarstemning!

[www.bjorneidsvag.no](http://www.bjorneidsvag.no)

Billett kr 490,-. Nummererte plasser.



*– Rudi Gard står for kvalitet og verdier som er i tråd med våre verdier, og bidrar til et imponerende mangfold av kultur, mattradisjoner og gode opplevelser til glede for både døler og tilreisende. Derfor samarbeider vi aktivt med Rudi Gard.*

*Sparebank 1 Gudbrandsdal, adm banksjef Per Ivar Kleiven*



**Meny** TRANCHÉRMENY PÅ RUDI-VIS



Onsdag 23. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 19.00

## Tett på *Ole Nilssen*

Ole Nilssen frå Løten kjem til Rudi Gard med fersk solo-plate, der folkemusikken på trekkspel har fokus. Vi får høyre ein variert solokonsert med alt frå vare salme-toner, til danseslåttar etter fanden sjølv. Ole er ein allsidig musikar, og han er stadig aktuell som frilans spelmann med ein finger i mange nyskapande prosjekt på den dags-aktuelle folkemusikkhimmelen. Han har tidlegare gått på folkemusikklina på Vinstra, og gler seg til å koma attende til Gudbrandsdalen med soloskiva si!

[www olenilssen.com](http://www olenilssen.com)

Billett kr 190,- / Gratis under 18 år.



**Meny** GARDSKAFÉ



Laurdag 26. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

# Stein Torleif Bjella

Hausten 2016 kom «Gode Liv», som er fjerde albumet til Bjella. Plata innkasserte tre Spellemanns-nominasjonar og glitrande kritikkar frå eit samla pressekorps. Endeleg er han heime, og visekunstnaren frå Ål leverer som aldri før.

**Stein Torleif Bjella** slo gjennom som artist med solo-debuten «Heidersmenn» i 2009. Oppfølgeren «Vonde Visu» vart, om mogleg, enda bedre motteke enn debuten. Den sørga for både Spellemannpris, Prøysenprisen, Bendiksenprisen og Kulturprisen for Ål kommune. «Heim for å døy» avslutta trilogien i 2013, og resulterte i Edvardprisen i klassa «Tekst og musikk.» Også Det Norske Teatret har vorte fengsla av Bjellas låtunivers, og forestillingen «Kan nokon gripe inn» har gått for fulle hus på hovudscena våren 2017.

Med heiderstittelen «Vår tids Prøysen» er mykje sagt om Stein Torleif Bjella. Han står fjellstøtt i det norske musikklandskapet, og er etablert som heilstøpt liveartist. På små, intime klubbscener så vel som på landets aller største festivalscener.

[www.steintorleifbjella.no](http://www.steintorleifbjella.no)

Billett kr 490,-. Nummererte plasser.



**Meny** TRANCHÉRMENY PÅ RUDI-VIS



Onsdag 6. sept

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

## Frida Ånnevik med band

Det finns røyster som får deg til å gløyme kva du heldt på med, og ikkje gjev deg anna val enn å stoppa opp å høyra kva dei har å seia. **Frida Ånnevik** har ei slik røyst!

Med det nye albumet «Her bor» – som fekk terningkast 5 i Dagbladet og Dagsavisen – er ho på vegen med eigen musikk og eige band.

Billett kr 390,- / 100 under 18 år. Nummererte plasser.

[www.fridaannevik.no](http://www.fridaannevik.no)

*«Hun er en fornyer av både viser og pop. Frida Ånnevik er på vei til å bli en av de store norske.» (Dagsavisen)*



Dagbladet  
og Dagsavisen



**Meny** GRILLA LAMMESKANK



Laurdag 16. september

Frå kl 18.00

# Sheep o høy

## – bondeaction på sitt beste!

Fartsfylt bonde-action er ei årleg storhending på Rudi Gard. Verdas beste sauklypparar kjemper mot Arwel Jones fra Wales sin fantastiske rekord frå 2013 på 19,14 sekund. Med storskjerm, musikk, Bjørnar Bakken som hovedspeaker, og horder av engasjert publikum er dette ei festforestilling!

Kl 18.00 Ope gard og servering av heilgrilla lam

Kl 20.00 Stor konkurranse i taugtrekking

Kl 21.00 Speedklypping med verdas beste klypparar

Kl 22.00 Fest med The Belfast Lads

Bill: kr 350,- utan servering / kr 590,- inkl heilgrilla lam.  
Aldersgrense 18 år etter klyppeshowet.



**Meny** HEILGRILLA LAM



## BELFAST LADS

Dei har løfta taket av Rudilåven dei aller fleste åra Sheep o Høy har stått på plakaten på Rudi.

Ekte vare og suveren dansemusikk!



«Sheep o høy» er i samarbeid med Nortura, Furuseth AS og Sør-Fron Sau og Geit.



*–Jeg vil bare si at Sheep o Høy var fantastisk bra! Maten var glimrende, klippinga var utrolig moro og Belfast Lads var geniale. Vi storkoste oss rett og slett, og kommer definitivt tilbake!*

*Hege, tilfreds gjest*



## *Førjulshygge på Rudi Gard*

Vi tek gjerne imot grupper i førjulstida. Mange ønskjer seg ein julemiddag på dagtid. Vi steller også gjerne i stand ein trivleg kveld der god mat, drikke og underhaldning blir sett saman akkurat slik de vil ha det. Vi har ein spesialitet i ekte, heimelaga julemat slik det var på gardane i Gudbrandsdalen før i tida. Vår varme velkomstdrink blir ofte servert i gamle fjoset, og når de kjem opp i låven er stemninga sett for ein trivleg kveld.

*Ta kontakt med oss for programforslag!*

## *Rudi-øl og andre håndverksøl*

Vi lager vårt eige håndverksøl på Rudi Gard. Peter Syrten er vår dyktige og pasjonerte brygger, og han byr på øl tilpassa sesonger og menyar. Vi fører også mange ølsortar frå ulike bryggeri og på fleire av arrangementa våre vil dyktige bryggemestrar vera til stades for ein god ølprat og smaksprøver.







Søndag 3. desember

Kl 12.00–16.00

# Julemarked

*håndverk, kunst, mat og trivleg førjulsstemning*

Med mangfoldige utstillarar, servering, musikk og godlukt i låven er dette av årets trivlegaste dagar. Eit godt høve til å skaffe dei siste julegavene er det også.

Utstillarane kjem frå heile dalføret og Østerdalen, og blant utvalet er lokal mat og drikke, fenalår og pinnekjøtt, handarbeid av dei fleste slag, knivar, tresløyd, ullprodukt, kornband og jultre, julekaker, skinnarbeid, tekstilarbeid, syltetøy, saft og mykje meir.

Gratis inngang.



**Meny** GARDSKAFÉ

## Bedriftsarrangement, jubileum og gjestebod på Rudi Gard

Grupper kan leige Rudi Gard til egne arrangement. Vi byr på spennande mat frå vårt gode kjøken. Vi tek imot frå 10 til 500 gjester, og saman med gode medhjelparar tilbyr vi spennande aktivitetar.

Servering av eit godt måltid for grupper før forestillingar er også eit populært tilbod. Ta gjerne kontakt slik at vi saman kan starte planlegginga av ditt arrangement.

Tlf 913 85 388 / oystein@rudigard.no

*– Takk for fantastisk mat og underholdning, dere bidro sterkt til at Det norske fikk en kjempefin opplevelse :-)*

*Jeanette Tinholt, Administrasjonsleder i Det norske oljeselskap*





*Mange er delaktige i utforminga av sammår-programmet Låvende saker. Både publikum og artistar kjem med mange forslag, og programmet blir sydd saman av vertskapet, med kreativ medarbeider Vegard Moshagen og kjøkensjef Wenche Kvebu som viktige bidragsyttere.*

Takk for godt samarbeid!  
Nina og Øystein Rudi

#### Hovudsamarbeidsbedrifter



#### Samarbeidsbedrifter



#### Offentlege medspelarar




# Billetter

www.ticketmaster.no  
tlf 815 33 133

www.rudigard.no  
tlf 913 85 388

**ticketmaster**

Til større forestillinger er det nummererte plassar i Rudilåven, og du kan sikre deg kreplass ved å vera tidleg ute. Billetter blir seld ved inngangen så lenge det er plass. Med atterhald om programendringar.



## Overnatting

Sygard Grytting	61 29 85 88	www.grytting.com
Øvre Rudi	930 54 466	www.rudiovernatting.no
Wadahl Høgfjellshotell	61 29 75 00	www.wadahl.no
Fefor Høgfjellshotell	61 29 00 99	www.fefor.no
Dale-Gudbrands Gard	911 58 938	www.dalegudbrands-gard.no

Rudi gard ligg langs Gudbrandsdalsvegen (gamle E6), 70 km nord for Lillehammer.

**Frå sør:** Ta av E6 i nordenden av Fryasletta. Følg Gudbrandsdalsvegen til vegskilt «Rudi Gard».

**Frå nord:** Ta av nye E6 ved Harpefoss. Følg fylkesveg over Lågen og ta Gudbrandsdalsvegen sørover til vegskilt «Rudi Gard».

Koordinater: N 68 27 190 Ø 54 82 00  
N 61,57571 Ø 9,90769

# RUDI

[www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

oystein@rudigard.no // Mob 913 85 388  
Rudivegen 40, 2647 Sør-fron